

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/1284-2

Stamina helse - Årsmelding for 2017

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet tek årsmeldinga frå bedriftshelsetenesta til vitande.

Vedlegg: Årsmelding for 2017 – Sogn og Fjordane fylkeskommune

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag


Årsmeldinga frå vår leverandør av bedriftshelsetenester, Stamina Helse AS, gir oversikt over leverte tenester til fylkeskommunen i 2017. Årsmeldinga gir informasjon om kven som har vore kundeansvarleg, og kva rådgjevarar som har bidrege på dei ulike fagfelta, og skildrar gir ei overordna skildring av aktiviteten som har vore.

Tenesta skal dekkje verksemda sine behov for hmt-oppfølging og bistand etter Arbeidsmiljølova sin [§3-3](#), forskrift om organisering, leing og medverknad [kapittel 13](#) og i forskrift om systematisk hmt-arbeid [§ 5](#). I tillegg er rapportar/notat som skildrar utførte oppdrag er sendt over etter kvart i året som er gått. Vidare gjennomfører frim-personal to årlege status og bestillarmøter med leverandøren.

Kundeansvarleg i 2017 har vore Arnhild Melve og Wenche Elveseter. Totalt er det levert 485 tenestetimar for ein samla verdi av kr. 485 140. Tabellen under syner tenesteleveransen i timar fordelt på overordna tenestekområder.

Fagområdet	Tal timar	Prosent av totalen
Systematisk HMT-arbeid	233	48
Arbeidsmiljøkartlegging	118	3,7
Ergonomi	69	14,2
Psykososialt og organisatorisk	61	12,5
Arbeidshelse	35	7,3
Helsekontroll	27	5,5
Sjukefråvær	16	3,3
Yrkeshygiene	12	2,4
MTM etetarbeid	9	1,8
Livsstil	5	1
Helsesertifisering	1	0,2
Total	485	100

Tabell 1) Timeleveransar 2017 – Stamina Helse/Census



Grafikk 1) Timeleveransar 2017 – Stamina Helse/Census

Den grafiske framstillinga over syner at bistand frå bedriftshelsetenesta er desidert størst på området systematiske helse-, miljø og tryggleiksarbeid.

2. Konklusjon

Årsmeldinga gir også føringar/ råd for vidare satsing for 2018. Tenesta jobbar alltid for å rettleie ut frå lover og forskrift, og på den måten bidra til at lovpålagte risikovurderingar og kartleggingar/målingar vert utført funksjonelt og hensiktsmessig.